



DEN NORSKE KYRKJA

STRAND KYRKJELEG FELLESRÅD

**Saker til møte nr 1
27.01.2021 kl 18 i Jørpeland kyrkje**



DEN NORSKE KYRKJA
Strand kyrkjeleg fellesråd

1/21 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedlegg:


- *Sakliste møte i Strand kyrkjeleg fellesråd 27.01.2021*

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Jørpeland 20. januar 2021

Trond Hjorteland
kyrkjeverje



DEN NORSKE KYRKJA
Strand kyrkjeleg fellesråd

INNKALLING OG SAKLISTE MØTE I STRAND KYRKJELEG FELLESRÅD
27.01.2020 kl 18 i Jørpeland kyrkje

1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

2/21 Rekneskap fellesrådet 2020 – førebels

3/21 Rekneskap sokneråda 2020

4/21 Godkjenning av budsjett 2021 – økonomiplan 2021-2024

5/21 HMS-rapportering

6/21 Status ny kyrkje på Tau

7/21 Årshjul 2021

8/21 Eventuelt og orienteringar

- *Årsstatistikk for 2020*

- *Brev frå Jørpeland menighetsråd*

Jørpeland 20. januar 2021

Tor Jan Aarstad
leiar

Trond Hjorteland
kyrkjeverje



DEN NORSKE KYRKJA
Strand kyrkjeleg fellesråd

2/21 REKNESKAP 2020 - FØREBELS

Vedlegg:

- Driftsrekneskap for 2020 per 19.01.2021

Bakgrunn for saka:


Strand kyrkjeleg fellesråd får jamleg økonomirapportar gjennom året. Såleis blir dei førebelse rekneskapstala for 2020 lagt fram til orientering.

Forslag til vedtak:

Strand kyrkjeleg fellesråd tar rekneskapsrapporten til orientering.

Jørpeland, 20. januar 2021

Trond Hjorteland
kyrkjeverje



DEN NORSKE KYRKJA

Strand kyrkjeleg fellesråd

SAKSUTGREIING

Tala så langt (per 20. januar 2020) tyder på at me kjem til å få ein driftsrekneskap om lag i balanse i 2020.

Netto driftsresultat er per 19. januar på kr 78 573 i meirforbruk, men tala vil endra seg noko når årsoppgjer, avstemming og endeleg kontroll av føringar er gjort.

Løns- og pensjonsutgiftene ser tilsynelatande ut til å liggja under på budsjett (kr 125 000). Hovudårsaka til mindreforbruket er noko lågare pensjons- og arbeidsgivaravgift-kostnader enn budsjettert.

Totalt ligg me derfor an til å gå om lag i balanse på løns- og pensjonskostnader i 2020, men erfaringsmessig vil pensjonskostnadane kunna svinga litt den eine eller andre vegen når dei endelege tala og avstemmingane er klare.

Driftskostnadene ligg an til å bli noko høgare enn budsjettert. Me har rett nok eit mindreforbruk på straum på kr 84 000. Dette skuldast særskildt låge straumprisar i 2020. I tillegg er det utgiftsført kr 299 200 som ei overføring til Strand kommune, til å dekkja kostnader for plenklypping av kyrkjegardane. Denne utgiften var dessverre ikkje budsjettert i 2020-budsjettet, og er hovudårsaka til at driftskostnadene totalt sett blir noko høgare enn budsjettert.

Noko av sjukelønsrefusjonen skal tilbakeførast til sokneråd, medan nokre inntekter ennå ikkje er førte i rekneskapen. I sum ligg det derfor an til ein rekneskap i balanse for 2020.

«Solkyrkja» vår på Tau (Strand kyrkje) har produsert 21230 kWh rein, fornybar energi i 2020, noko som gir oss ein netto effekt på ca kr 5 000 (sjå oversikt over produksjonen på neste side).

Fellesrådet vil få endeleg rekneskap for 2020 og revisjonsberetning til behandling på møtet i mars eller i juni.

Jørpeland 20. januar 2021
Trond Hjorteland
Kyrkjeverje

51 Kirken Drift: Arter


51 Kirken Drift: Arter

ALLE	Budsjett 0,00	Regnskap 78 573,20	Avvik -78 573,20
101000 Løn i faste stillingar (stillings...	5 825 900,00	5 832 925,70	-7 025,70
101040 Avtalefesta faste tillegg	133 300,00	173 233,87	-39 933,87
101043 Helligdagstillegg i følge turnus	0,00	10 179,10	-10 179,10
101090 Anna fastløn	744 400,00	704 693,41	39 706,59
103000 Løn til ekstrahjelp	0,00	34 072,76	-34 072,76
103010 Engasjementer	0,00	4 363,76	-4 363,76
103040 Avtalefestede tillegg	0,00	1 662,08	-1 662,08
105062 Kjøregodtgjørelse - trekkpliktig	0,00	2 540,82	-2 540,82
108002 Møtegodtgjersle	0,00	63 000,00	-63 000,00
109000 Arbeidsgivers andel KLP	1 035 400,00	853 828,33	181 571,67
109040 Gruppelivforsikring	0,00	8 286,72	-8 286,72
109041 Ulykkesforsikring	0,00	7 384,06	-7 384,06
109900 Arbeidsgiveravgift	991 600,00	883 065,27	108 534,73
109908 Arbeidsgiveravgift avsatte fer...	99 600,00	105 823,03	-6 223,03
110000 Kontormateriell	10 000,00	6 161,60	3 838,40
110030 Abonnement/tidsskrift/kjøp a...	57 000,00	46 974,28	10 025,72
111040 Kremasjonsutgifter	0,00	26 500,00	-26 500,00
112000 Anna forbruksmateriell/råvar...	38 200,00	132 275,30	-94 075,30
112040 Utgiftsdekning (ikkje oppg.pl....	0,00	7 893,90	-7 893,90
112051 Arbeidstøy ikke oppgavepliktig	10 000,00	12 172,40	-2 172,40
112055 Matvarer administrasjon	0,00	9 722,70	-9 722,70
112061 Velferdstiltak	0,00	10 886,00	-10 886,00
112095 Øredifferanse	0,00	-0,57	0,57
113010 Telefon	67 000,00	18 123,92	48 876,08
113020 Porto	0,00	148,00	-148,00
113031 Gebyr	0,00	6 375,92	-6 375,92
113050 It-kommunikasjon	0,00	3 587,80	-3 587,80
114000 Annonse, reklame, informasjon	87 000,00	70 084,50	16 915,50
115000 Opplæring,kurs(omfattar utgi...	55 300,00	150,00	55 150,00
115001 Kursavgifter	0,00	12 076,00	-12 076,00
115003 Hotellutgifter - opplæring/kurs	0,00	2 830,19	-2 830,19
116080 Annen transport km-godtgjør...	40 000,00	18 091,00	21 909,00
117000 Transportutg./drift av egne o...	30 000,00	41 853,85	-11 853,85
117001 Reiseutgifter (båtbilletter, dro...	0,00	377,98	-377,98
118000 Strøm	220 000,00	136 026,76	83 973,24
118500 Forsikringar, og utg. til vakth...	70 000,00	108 822,16	-38 822,16
118530 Yrkesskadeforsikring	0,00	-15 670,78	15 670,78
119000 Leige av lokale og grunn	200 000,00	184 347,00	15 653,00
119500 Avgifter, gebyr, lisensar o.l.	150 000,00	13 705,91	136 294,09
119520 Kommunale eigedomsavgifter	0,00	20 463,60	-20 463,60
119540 Lisensar	0,00	70 135,28	-70 135,28
119550 Kopieringsavtaler	0,00	23 602,00	-23 602,00
119560 Årsgebyr	0,00	7 980,00	-7 980,00
119570 Kontigenter	0,00	65 278,00	-65 278,00
120000 Kjøp og finansiell leasing av d...	30 000,00	75 116,40	-45 116,40
120010 Programvare/medautstyr/IT-...	0,00	17 022,00	-17 022,00
121000 Kjøp,leige og leasing av trans...	0,00	8 000,00	-8 000,00
122040 Leige av kontormaskinar	0,00	16 440,48	-16 440,48
123000 Vedlikehald, byggjetenester/...	220 000,00	2 033,60	217 966,40
123010 Vedlikehald av bygningar (ut...	0,00	212 442,34	-212 442,34
123030 Vedlikehald av ytre anlegg (u...	0,00	35 536,90	-35 536,90
124000 Serviceavtaler, reparasjoner ...	25 000,00	28 124,04	-3 124,04
126500 Vakthald- og vektartenester, ...	40 000,00	24 651,40	15 348,60
127000 Andre tenester (som inngår i ...	43 500,00	0,00	43 500,00
127010 Honorar (ikkje trekk- og oppg...	0,00	262 749,01	-262 749,01
127020 Juridisk bistand	0,00	61 037,50	-61 037,50
142900 Moms generell kompensasjon...	0,00	270 677,27	-270 677,27
147000 Tilskott/gåver til andre	0,00	299 200,00	-299 200,00
162000 Sal av varer/tjenester utenfor...	-110 000,00	-48 775,00	-61 225,00

19.1.2021


51 Kirken Drift: Arter


163000 Husleie, utleieinntekter	-35 000,00	-34 240,00	-760,00
163030 Festeavgifter	-604 000,00	-773 375,00	169 375,00
170000 Refusjonar frå staten	0,00	-147 200,00	147 200,00
171000 Sjukelønsrefusjon	0,00	-352 936,00	352 936,00
171001 Fødselspengar	0,00	11 566,00	-11 566,00
172900 Kompensasjon moms påløpt i...	0,00	-270 677,27	270 677,27
173000 Refusjon frå kommune	0,00	-25 084,50	25 084,50
174000 Refusjon frå fellesråd	-30 000,00	-150 353,00	120 353,00
175000 Refusjon frå sokneråd	-700 000,00	-612 803,00	-87 197,00
177000 Refusjon frå andre (private)	-634 000,00	-16 608,58	-617 391,42
180000 Tilskott frå staten	-676 000,00	-2 038 049,00	1 362 049,00
183000 Tilskott frå kommune	-6 399 200,00	-6 394 660,00	-4 540,00
187000 Tilskott/gåver frå andre	-955 000,00	0,00	-955 000,00
190000 Renteinntekter	-80 000,00	-107 296,00	27 296,00



DEN NORSKE KYRKJA

Strand kyrkjeleg fellesråd





DEN NORSKE KYRKJA Strand kyrkjeleg fellesråd

3/21 REKNESKAP SOKNERÅDA 2021

Vedlegg:

- *Rekneskap for Jørpeland sokneråd 2020*
- *Rekneskap for Strand sokneråd 2020*

Bakgrunn for saka:

Strand kyrkjeleg fellesråd har ansvar for å sjå til at sokneråda har økonomisk bæreemne til å finansiera stillingar på givarteneste. Rekneskapstala for 2020 tyder på at sokneråda vil ha utfordringar i så måte i tida framover.

Forslag til vedtak:

Strand kyrkjeleg fellesråd ber Jørpeland sokneråd og Strand sokneråd om presentera ein plan for korleis sokneråda skal finansiere stillingar på givarteneste for 2021 og fram til og med 2023.

Jørpeland, 20. januar 2021

Trond Hjorteland
kyrkjeverje



DEN NORSKE KYRKJA

Strand kyrkjeleg fellestråd

SAKSUTGREIING

I henhold til Kirkeordning for Den norske kyrkje (KDK) § 17 har kyrkjelege fellestråd eit overordna økonomisk og administrativt ansvar på vegnet av soknet, inklusive forvaltning av midlar som sokneråda stiller til disposisjon for å løysa oppgåver i soknet.

Ut frå dei førebelse tala som rekneskapane for Strand og Jørpeland sokneråd viser, er kyrkjevevja uroleg for den økonomiske bæreemna til stillingsheimlar som er løna gjennom givarteneste. For Strand sokneråd dreier det seg om 20 % stillingressurs, for Jørpeland sokneråd 85 %.

Særleg utfordrande er situasjonen for Jørpeland sokneråd, som ser ut til å mangla nærare kr 300 000 i 2021 for å oppretthalda stillingar på givarteneste på nivå med 2020. Ved årsskiftet har Jørpeland sokneråd eit fond på kr 59 000.

For Strand sokneråd er situasjonen ikkje fullt så krevjande, men ein ligg her an til ein manko på kr 64 000 i 2021. Strand sokneråd har imidlertid eit fond på kr 289 000, noko som gjer at situasjonen ikkje er så prekær.

Kyrkjevevja er av den oppfatning at begge sokneråda må komma med konkrete planar for korleis desse stillingsheimlane skal finansierast i 2021 og fram til og med 2023. Dette bør gjerast så snart som råd, med frist innan 1. mars. Slik kyrkjevevja ser det, er det tre alternativ: 1) Skaffa til veges meir finansiering 2) Redusera stillingressursane 3) Ein kombinasjon av aukte inntekter og reduserte stillingressursar.

Forslag til vedtak:

Strand kyrkjeleg fellestråd ber Jørpeland sokneråd og Strand sokneråd om presentera ein plan for korleis sokneråda skal finansiere stillingar på givarteneste for 2021 og fram til og med 2023.

Jørpeland 20. januar 2020
Trond Hjorteland
kyrkjevevje

Jørpeland sokneråd 2020

Ut	Budsjett 2020	Rekneskap 2020
Lønn	kr 622 000	kr 552 482,00
Andre driftsutgifter	kr 135 000	kr 95 379,89
Til disp.fond	kr 10 000	kr - *
Offer/innsamla til andre	kr 200 000	kr 182 796,00
Sum ut	kr 967 000	kr 830 657,89

Inn

Offer eige arbeid	kr 70 000	kr 50 016,00
Givarteneste	kr 516 000	kr 460 860,00
Nye givarar	kr 150 000	kr -
Mva-refusjon		kr -
Gåver		kr 1 000,00
Tilskudd	kr 14 000	kr 25 955,00
Eigenbetaling mm	kr 10 000	kr 12 400,00
Billetter og annet salg		kr 8 530,00
Offer/innsamla til andre	kr 200 000	kr 182 796,00
Renter	kr 7 000	kr 2 364,00
NAV-refusjon		kr 91 134,00
Sum inn	kr 967 000	kr 835 055,00
Resultat	kr -	kr 4 397 * til disp.fond

Disp.fond Jørpeland menighet	2020	Resultat	2021
Sokneråd	54 967,97	4 397,11	59 365,08
Samlivskurs		29 000,00	29 000,00
Albaniaprojekt	23 212,05	91 031,42	114 243,47
SUM	78 180,02	124 428,53	202 608,55
Ungdomskor	7 584,00	18 664,24	26 248,24
SUM BANKKONTI OG KASSE	85 764,02		228 856,79

GIVERTJENESTE

Sum lønnsutgifter 2019	kr 697 652	
Lønnsutgifter 2020	kr 552 482	* redusert stilling, sykemelding
Budsj lønnsutgift 2021	kr 600 000	* redusert stilling

2020 MR	lønnsutgift pr mnd	kr 46 040	
	giv t pr mnd gj.snitt	kr 38 405	kr 7 635 manko pr mnd
2021 MR	lønnsutgift pr mnd	kr 50 000	
	giv t pr mnd pr des.	kr 25 750	kr 24 250 manko pr mnd
		kr 291 000	manko 2021
		kr 59 000	på fond

Strand sokneråd

Ut	Budsjett 2020	Rekneskap 2020
Lønn	kr 200 000	kr 60 321,00
Driftsutg. Trusoppl.	kr 85 000	kr 21 333,63
Andre driftsutgifter	kr 140 000	kr 40 127,67
Offer/innsamla til andre	kr 220 000	kr 186 456,00
Sum ut	kr 645 000	kr 308 238,30

Inn

Offer eige arbeid	kr 70 000	kr 39 650,00
Givarteneste	kr 120 000	kr 104 200,00
Mva-refusjon	kr 10 000	kr 5 210,00
Gåver	kr 10 000	kr 1 700,00
Tilskudd	kr 72 000	kr 28 317,00
Eigenbetaling, sal, mm	kr 140 000	kr 17 887,00
Offer/innsamla til andre	kr 220 000	kr 186 456,00
Renteinntekter	kr 3 000	kr 2 474,00
Sum inn	kr 645 000	kr 385 894,00
Resultat	kr -	kr 77 655,70
Beholdning		kr 289 945,55

Disposisjonsfond	2020	resultat	2021
SS 3205 30 02233	212 289,85	77 655,70	289 945,55

GIVERTJENESTE


Sum lønnsutgifter 2019	kr 78 450	* redusert stilling
Lønnsutgifter 2020	kr 60 321	* fratrekk oppspar
Budsj lønnsutgift 2021 (20%-stilling)	kr 167 782	

2020 MR

lønnsutgift pr mnd	kr 5 027	
giv t pr mnd gj.snitt	kr 8 683	kr -3 657 til fond pr mnd

2021 MR

lønnsutgift pr mnd	kr 14 000	
giv t pr mnd	kr 8 683	kr 5 317 manko pr mnd
	kr 63 800 manko 2021	
	kr 289 000 på fond	



DEN NORSKE KYRKJA
Strand kyrkjeleg fellesråd

4/20 BUDSJETT 2021, ØKONOMIPLAN 2021-2024

Vedlegg:

- *Forslag til driftsbudsjett for 2021.*
- *Forslag til økonomiplan for 2021-2024*

Bakgrunn for saka:

Budsjettrammer for 2021 og økonomiplanperioden 2021-2024 blir lagt fram for fellesrådet for godkjenning.

Forslag til vedtak:

Strand kyrkjeleg fellesråd vedtar forslag til driftsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024.

Jørpeland 20. januar 2021

Trond Hjorteland
kyrkjevevje



DEN NORSKE KYRKJA

Strand kyrkjeleg fellesråd

SAKSUTGREIING

Inntekter:

Innan ordinær drift budsjetterer fellesrådet med ca 9,864 millionar i inntekter for 2021. Inntektene våre kjem frå ni hovudkjelder: 1) Strand kommune – kr 6,109 millionar 2) Innsamla midlar – kr 845 000 3) Trusopplæringsmidlar – kr 982 000 4) Statlege kateketmidlar – kr 691 000 5) Statlege diakonmidlar 200 000 6) Festeavgifter – kr 648 586 7) Utleige av kyrkjer – kr 20 000 8) Stell av graver – kr 120 000 9) Andre inntekter (refusjon frå andre, renter etc) – kr 248 414.

Den kommunale ramma på kr 6,109 mill. blei endeleg vedtatt av Strand kommunestyre i desember 2020. Prisvekst er ikkje dekkja, men lønsveksten blir kompensert i tråd med tenesteytingsavtalen med kommunen. Denne er ennå ikkje heilt klar, men det ligg an til ein generell lønsauke på 1,7 % for kyrkjelege tilsette med verknad frå og med 01.05.2020.

Når det gjeld festeavgiftene, er det viktig å poengtera at desse varierer mykje frå år til år, og er dermed vanskelege å treffa blink på i budsjettet.

Utgifter:

Kyrkjevevja har laga eit forslag til detaljbudsjett for 2021, og som for dei føregåande åra vil det bli eit stramt budsjett. Det er viktig å merka seg at stillingsheimlar som sokneråda finansierer over givarteneste, er sett til kr 845 000. Dette inkluderer også ca kr 200 000 frå Forsand sokneråd til finansiering av ungdomsdiakon. Ut frå rekneskapstala til Jørpeland og Strand sokneråd for 2020, kan det sjå ut til at det vil vera utfordrande å oppfylle sine forpliktelsar for 2021. Dette er gjort nærare greie for i sak 3/21. Men kyrkjevevja vil gjera merksam på at denne posten på fellesrådet sitt budsjett, kan måtta reduserast ved revidering av budsjettet i juni 2021.

Investeringar:

Ny kyrkje på Tau er sjølv sagt den klart største investeringa på vel kr 73 millionar kroner, kor ein del av kostnaden vil bli utbetalt i 2021. Tal og informasjon om den nye kyrkja blir presentert i ei eiga sak (sjå sak 6/21 Status ny kyrkje på Tau).

Utover dette har ikkje fellesrådet andre investeringar, etter at dei kr 1 mill. som låg inne i økonomiplanen til kommunen, blei tatt ut underbudsjetthandsaminga i desember 2020 på grunn av anstrengt økonomi.

Forslag til vedtak:

Strand kyrkjeleg fellesråd vedtar forslag til driftsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024.

Jørpeland, 20. januar 2021

Trond Hjorteland
kyrkjevevje

Versjon 120 Budsjett 2021 virksomhet

	Inntekter	Utgifter	Resultat
Rammer	0	6 109 000	6 109 000
Total	-3 755 586	9 864 586	6 109 000
Differanse	3 755 586	-3 755 586	0
Sum filter	-3 755 586	9 864 586	6 109 000


Art	Ansvar	Tjeneste	Prosjekt	Fordelingsnøkkel	Beløp
101000 Løn i faste stillingar (stillingsheimlar)	5200	041		-1	1 315 224
101000 Løn i faste stillingar (stillingsheimlar)	5200	042		-1	1 729 890
101000 Løn i faste stillingar (stillingsheimlar)	5200	043		-1	627 596
101000 Løn i faste stillingar (stillingsheimlar)	5200	044		-1	1 390 277
101000 Løn i faste stillingar (stillingsheimlar)	5200	044	857002	-1	264 719
101040 Avtalefesta faste tillegg	5200	042		-1	17 732
101040 Avtalefesta faste tillegg	5200	043		-1	6 430
101040 Avtalefesta faste tillegg	5200	044		-1	108 765
101090 Anna fastløn	5200	044		0	500 000
101090 Anna fastløn	5200	044	857001	-1	279 296
101090 Anna fastløn	5200	044	857002	-1	313 816
109000 Arbeidsgivers andel KLP	5200	041		0	203 860
109000 Arbeidsgivers andel KLP	5200	042		0	270 881
109000 Arbeidsgivers andel KLP	5200	043		0	98 274
109000 Arbeidsgivers andel KLP	5200	044		0	309 852
109000 Arbeidsgivers andel KLP	5200	044	857001	0	43 291
109000 Arbeidsgivers andel KLP	5200	044	857002	0	89 672
109900 Arbeidsgiveravgift	5200	041		0	194 443
109900 Arbeidsgiveravgift	5200	042		0	258 367
109900 Arbeidsgiveravgift	5200	043		0	93 734
109900 Arbeidsgiveravgift	5200	044		0	295 540
109900 Arbeidsgiveravgift	5200	044	857001	0	41 291
109900 Arbeidsgiveravgift	5200	044	857002	0	85 530
109908 Arbeidsgiveravgift avsatte feriepenger	5200	041		0	19 749
109908 Arbeidsgiveravgift avsatte feriepenger	5200	042		0	26 241
109908 Arbeidsgiveravgift avsatte feriepenger	5200	043		0	9 521
109908 Arbeidsgiveravgift avsatte feriepenger	5200	044		0	30 016
109908 Arbeidsgiveravgift avsatte feriepenger	5200	044	857001	0	4 194
109908 Arbeidsgiveravgift avsatte feriepenger	5200	044	857002	0	8 685
110000 Kontormateriell	5200	041		13	10 000
110030 Abonnement/tidsskrift/kjøp av bøker	5200	041		13	7 000
110030 Abonnement/tidsskrift/kjøp av bøker	5200	044		13	50 000
112000 Anna forbruksmateriell/råvarer og tenester *	5200	041		13	5 000
112000 Anna forbruksmateriell/råvarer og tenester *	5200	042		13	27 200
112000 Anna forbruksmateriell/råvarer og tenester *	5200	043		13	3 000
112000 Anna forbruksmateriell/råvarer og tenester *	5200	044		13	3 000
112051 Arbeidstøy ikke oppgavepliktig	5200	042		13	10 000
113010 Telefon	5200	041		13	20 000
113010 Telefon	5200	042		13	20 000
113010 Telefon	5200	043		13	7 000
113010 Telefon	5200	044		13	20 000
114000 Annonse, reklame, informasjon	5200	041		13	40 000
114000 Annonse, reklame, informasjon	5200	042		13	27 000
115000 Opplæring,kurs(omfattar utgifter som ikkje er oppg	5200	041		13	8 000
115000 Opplæring,kurs(omfattar utgifter som ikkje er oppg	5200	042		13	10 000
115000 Opplæring,kurs(omfattar utgifter som ikkje er oppg	5200	043		13	4 000
115000 Opplæring,kurs(omfattar utgifter som ikkje er oppg	5200	044		13	8 000

116080 Annen transport km-godtgjørelse, oppgavepliktig	5200	042		13	40 000
117000 Transportutg./drift av egne og leide transportmidl	5200	043		13	30 000
118000 Strøm	5200	041		13	40 000
118000 Strøm	5200	042		13	150 000
118000 Strøm	5200	043		13	30 000
118500 Forsikringer, og utg. til vakthald og sikring	5200	041		28	30 000
118500 Forsikringer, og utg. til vakthald og sikring	5200	042		13	60 000
118500 Forsikringer, og utg. til vakthald og sikring	5200	043		13	10 000
119000 Leige av lokale og grunn	5200	041		13	120 000
119500 Avgifter, gebyr, lisensar o.l.	5200	041		13	50 000
119500 Avgifter, gebyr, lisensar o.l.	5200	042		13	50 000
119500 Avgifter, gebyr, lisensar o.l.	5200	043		13	50 000
120000 Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	5200	041		13	15 000
120000 Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	5200	042		13	15 000
123000 Vedlikehald, byggjetenester/Vedlikehald, byggjeten	5200	041		13	20 000
123000 Vedlikehald, byggjetenester/Vedlikehald, byggjeten	5200	042		13	100 000
123000 Vedlikehald, byggjetenester/Vedlikehald, byggjeten	5200	043		13	30 000
124000 Serviceavtaler, reparasjoner og vaktmestertjeneste	5200	041		13	2 500
124000 Serviceavtaler, reparasjoner og vaktmestertjeneste	5200	042		13	20 000
124000 Serviceavtaler, reparasjoner og vaktmestertjeneste	5200	043		13	2 500
126500 Vakthald- og vektartenester, alarm-system	5200	042		13	40 000
127000 Andre tenester (som inngår i egenprod)	5200	041		13	43 500
162000 Sal av varer/tjenester utenfor avg.omr. (Stell av grav)	5200	043		13	-120 000
163000 Husleie, utleieinntekter	5200	042		13	-20 000
163030 Festeavgifter	5200	043		13	-648 586
174000 Refusjon frå fellesråd	5200	042		13	-50 000
175000 Refusjon frå sokneråd	5200	044		12	-845 000
177000 Refusjon frå andre (private)	5200	044		13	-1 992 000
190000 Renteinntekter	5200	041		13	-80 000




DEN NORSKE KYRKJA
Strand kirk. fellesråd

Økonomiplan for 2021-2024



Strand kyrkjelege fellesråd



Målsettingar:

Fellesrådet har ansvar for å forvalta personale, økonomi, kyrkjer og kyrkjegardar i samsvar med gjeldande lovverk og lokale vedtekter.

Fellesrådet ved kyrkjevevja og dei tilsette skal leggja til rette for at sokneråda og fellesrådet når sine målsettingar ved:

- *å leggja vekt på utvikling av menneskelege ressursar i staben*
- *å leggja vekt på samarbeid og samhandling*
- *å ha fokus på dei me skal tena*
- *stadig arbeida for å forplikta kvarandre, og gjera det me kan, innan gitte ressursar, for å gjennomføra vedtatte planar*
- *god styring av økonomien*
- *utarbeiding av gode rutinar/arbeidsbeskrivingar for kontorarbeid/administrasjon og direkte tenester "ute i marka"*
- *at kontortilhøva- og det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet for dei tilsette er godt*

Visjon for arbeidet i Strand kyrkjelyd:

"Kyrkje med rom for alle"

Visjon for kyrkjelydsarbeidet på Jørpeland:

"Opa kyrkje – levande tru"



DEN NORSKE KYRKJA

Strand krk. fellesråd

1. BUDSJETT 2021

Strand kommune overfører til Strand kyrkjeleg fellesråd: **kr. 6 109 000**

Stillingar på innsamla midlar frå sokneråda:

Jørpeland sokn:	menighetsarbeidar, barn	60 %
	diakonimedarbeidar	25 %

Strand sokn:	menighetspedagog	20 %
--------------	------------------	------

Forsand sokn:	ungdomsdiakon	30 %
---------------	---------------	------

Til saman 135 %

Utgifter: kr 845 000

Inntekter: kr 845 000

Stillingar på statlege trusopplæringsmidlar:

Jørpeland sokn:	kateket	50 %
	trusopplærer, babysong og ungdomskor	10 %

Strand sokn:	kateket	20 %
	menighetspedagog	30 %

Til saman 110 %

Utgifter: kr 982 000

Inntekter: kr 982 000

Bispedømmerådet dekker til saman 100% stilling som kateket fordelt med 50% stilling Strand og 50% stilling Jørpeland:

Utgifter: kr. 691 000

Inntekter: kr. 691 000

I punkta "Tilgjengelege ressursar" nedanfor er desse stillingane tatt med.

Viktige opplysningar og endringar i driftsbudsjettet for 2021:

- Strand kommune vil kompensera lønsauke både frå sentrale og lokale forhandlingar. Anslagsvis vil dette til saman utgjera ca 150 000 kroner og vil bli lagt inn i endeleg rammeoverføring for 2021. Prisveksten blir ikkje kompensert.
- Strand kommune gav fellesrådet eit kutt på kr 161 000 i 2020 i forhold til 2019. Dette kuttet er vidareført i 2021.



2. KYRKJELEG ADMINISTRASJON (041)

2.A DEFINISJON/AVGRENSING

Området omfattar drift av fellesrådet og administrasjonsoppgåver tilknytte kyrkjelydskontoret. I budsjettet blir lønn til administrativt personell, kontorutgifter, møteutgifter, kursutgifter mv. postert her.

2.B HOVUDMÅL

Administrasjonen skal syta for gode kontorrutinar som er i samsvar med gjeldande lovverk. Framlegg- og oppfølging av saker til sokneråd og fellesråd skal gjerast på ein tilfredstillande måte. Det skal leggst vekt på personalarbeid og budsjett- og økonomiarbeid.

2.C ANSVARLEG

Kyrkjevevja har ansvar for saksframlegg til fellesrådet og har det overordna ansvaret for gode kontorrutinar, samt personalarbeid og budsjett- og økonomiarbeid. Daglege leiarar av sokneråda si verksemd har ansvar for framlegg og oppfølging av saker til sokneråda.

2.D TILGJENGELEGE PERSONALRESSURSAR

- | | | |
|---|-------------------------|----------------|
| • | Dagleg leiar, Strand | 80 % stilling |
| • | Dagleg leiar, Jørpeland | 20 % stilling |
| • | Kyrkjevevje | 100 % stilling |

2.E TENESTEBESKRIVING

- Saksførebuinga til fellesråd og sokneråda skal vera klar og forståeleg.
- Faste oppgåver som føring av kyrkjebøker vidareførast.
- Resepsjonstenester – det å ta i mot folk pr. telefon, men også andre besøkande.
- Planleggja verksemda og sette opp turnuslister.
- Me vil vidareføra satsinga på personalarbeidet med faste personalmøte, og opplæring og utvikling av dei tilsette innafor dei rammene som er gitt – i tillegg til stabsturar kvart tredje år.
- Me skal føra postjournalar og arkivera i tråd med nyleg vedtekne lovar og forskrifter.
- Administrativt arbeid med budsjett og økonomi. Utarbeiding av handlingsplanar skal kunna lesast og forståast av dei fleste. Me vil kontinuerleg arbeida med å betra arbeidsrutinane.
- HMS skal prioriterast i vår organisasjon. I tillegg vil me arbeida med rolleavklaringar, ansvarsliner og leiarliner.
- Administrasjon - føring av kyrkjegardsdata, gravregister og register for gravfond.
- Arbeida med betring av rutinane for kjøp av tenester.
- Det er viktig at kyrkja si heimeside er oppdatert og at ein kan finna viktige opplysningar der.
- Planlegga drifta av kyrkjegardane, - dette gjeld også økonomi- og budsjettarbeid.
- Kyrkjelydskontoret skal gi god informasjon om arbeidet i sokna.

3. KYRKJER (042)

3.A DEFINISJON/AVGRENSING

Området omfattar drift av Den norske kyrkja i Strand med alle dei lovpålagde tenestene slik som bryllaup, gravferd og gudstenester. Utgiftene til desse tenestene blir også posterte her. Vidare inneheld tenesta drift og vedlikehald av kyrkjebygningane, samt utgiftsdekking av inventar og utstyr.

3.B HOVUDMÅL

Leggja forholda til rette for eit aktivt og engasjert gudstenestearbeid. Sørgja for god drift og godt vedlikehald av kyrkjene.

3.C ANSVARLEG

Sokneprestane er ansvarlege for gudstenestelivet og arbeidet kring det. Kyrkjevevja har dagleg ansvar for drift og vedlikehald av kyrkjene. Soknerådet er ansvarleg for strategien i det kyrkjelydsbyggande arbeidet og skal saman med dei tilsette og frivillige ha merksemda vendt mot ”det som kan vekkje og nære det kristelege livet” i sokna.



DEN NORSKE KYRKJA

Strand krk. fellesråd

3.D TILGJENGELEGE PERSONALRESSURSAR

- Organist 115 % stilling
- Kyrkjetenar 145 % stilling
- Administrasjon 20 % stilling

3.E TENESTEBESKRIVING

- Gjennomføra forordna gudstenester og kyrkjelege handlingar og andre arrangement.

4. GRAVPLASSANE (043)

4.A DEFINISJON/AVGRENSING

Tenestene omfattar drift og vedlikehald av kyrkjegardane.

4.B HOVUDMÅL

Forvalta kyrkjegardane med orden og vørnads i samsvar med gjeldande lovverk og lokale vedtekter. Informasjon og kontakt med publikum skal vera god.

4.C ANSVARLEG

Kyrkjeverja er ansvarleg.

4.D TILGJENGELEGE RESSURSAR

- Kyrkjegardsarbeider 125 % stilling
- Kyrkjetenar 25 % stilling
- Sakshandsamar gravlunder. 20 % stilling

Strand krk. fellesråd har sett bort ansvaret for alt vedlikehald og praktisk arbeid på dei fem kyrkjegardane til Strand kommune frå og med 01.01.2019. Strand krk. fellesråd har framleis det formelle ansvaret og vil også vidareføra det administrative arbeidet kring kyrkjegardsdrifta som før.

4.F TENESTEBESKRIVING

- Syta for at det er ledig plass på kyrkjegardane våre.
- Syta for at arbeidet med gravopning er i samsvar med lovar og forskrifter.
- Halda kyrkjegardane våre velstelte i samsvar med tildelte midlar.
- Krevja inn festeavgifter og betaling for stell av graver.
- Gi god og sakleg informasjon til publikum både når det gjeld plikt og rettar som festar, men også om andre forhold som gjeld kyrkjegardane.
- Opplæring og utvikling av dei tilsette skal skje slik at dei kan vera fagleg oppdaterte innan arbeidsfeltet.

5. ANNA KYRKJELEG VERKSEMD (044)

5.A DEFINISJON/AVGRENSING

Området omfattar verksemd knytte til undervisning/trusopplæring, diakoni, kyrkjemusikk, barne- og ungdomsarbeid og andre tiltak av kyrkjelydsbyggande karakter som ikkje høyrer til dei lovpålagde oppgåvene nemnt i sjølve Kyrkelova.

5.B HOVUDMÅL

Legga til rette for eit breitt og livskraftig kyrkjelydsbyggande arbeid innan dei områda som er nemnt i definisjon/avgrensing.



DEN NORSKE KYRKJA

Strand krk. fellesråd

5.C ANSVARLEG


Dei daglege leiarane har ansvar for å sjå til at tilsette gjer eit arbeid innan dette feltet som er i samsvar med vedtekne planar og arbeidsbeskrivingar. Sokneråda skal vedta og utarbeida i samarbeid med dei tilsette strategiar og planar for arbeidet i soknet framover.

5.D TILGJENGELEGE PERSONALRESSURSAR

- | | |
|--|----------------|
| • Organist | 65 % stilling |
| • Kateketstillingar | 180 % stilling |
| • Menighetspedagog/menighetsarbeidar i Jørpeland og Strand kyrkjelydar | 110 % stilling |
| • Anna adm/undervisning/kor/diakoni | 205 % stilling |

5.E TENESTEBESKRIVING

- Leggja forholda til rette for, og gjennomføra konfirmantundervisning i tråd med sokneråda sine mål for arbeidet. Det er eit mål at konfirmantane skal oppleve at det er kjekt og bli utfordra til tru og teneste.
- Arbeida for å utvikla trusopplæringa i tråd med vedtekne planar og retningslinjer.
- Oppretthalda arbeidet med å samla inn midlar til trusopplæringa slik at me kan jobba vidare med å få eit godt og vidtfemnande arbeid blant barn og unge. For å få til eit godt arbeid må me planleggja, gjennomføra og samarbeida med andre organisasjonar om barne- og ungdomsarbeidet.
- Fortsetja det kyrkjemusikalske arbeidet med å satsa vidare på kor, td barnekora, ungdomskoret på Jørpeland og Strand Soul Children, for dei ulike gruppene.
- Arbeida for eit godt samspel mellom skulane og kyrkja gjennom ulike fellesarrangement.
- Bygga ned kunstige skilje mellom kristenflokkane. Visa respekt for kvarandre og utvikla og styrka fellesskapet mellom dei truande. Alpha-arbeid og smågrupper/fellesskapsgrupper i heimane er satsingsområde.



6. INVESTERINGS OG VEDLIKEHOLDSBUDSJETT – ØKONOMIPLAN FOR 2020 - 2023

Tiltak som er finansiert per 01.01.2021:

1) Ny kyrkje på Tau:

kr 73 mill.

Tiltak ikkje-finansiert per 01.01.2021:

1) Drift, reinhald og vedlikehald Tau kyrkje fom 01.08.2021

kr 0,2 mill.

7. SATSINGSOMRÅDE / NYE DRIFTSTILTAK I HANDLINGSPROGRAMPERIODEN 2021-2024

- Ny kyrkje på Tau vil ha høg prioritet i denne handlingsplanperioden. Byggjestart var oktober 2019. Ferdigstilling 31. juli 2021, innviing 12. september 2021.
- Staben knytt til Strand sokn flyttar inn i Tau kyrkje (før) sommaren 2021. Jørpeland-staben blir anten verande i leigde kontor på Kraftverket eller i eigne kontorlokale i Jørpeland kyrkje. Tilbygg (kontor plassar) til Jørpeland kyrkje bør utgreiast.
- Jørpeland kyrkje har fått nytt tak, men treng også å skifta ut alle vindauga – dei fleste er frå 1982. Vil ha stor ENØK-effekt – ca 40 000 kWh spart per år.
- Omstillingsprosess: Me må vera budde på å drifta tre kyrkjer på same budsjettet som dei to som er i drift per nå, sidan det er innsparingstider i Strand kommune, og kyrkja må vera budd til å ta sin del av dette. Det betyr at me må bruka dei ressursane me har på ein endå meir effektiv og målretta måte. Kyrkjeverja legg likevel inn eit behov på kr 200 000 til drift (primært reinhald) av nye Tau kyrkje som eit budsjettinnspel til Strand kommune fom 01.08.2021.
- Strand kyrkje: Brannvesenet har signalisert heil eller delvis stenging av gamle Strand kyrkje når nye Tau kyrkje blir tatt i bruk, sidan Strand kyrkje ikkje har tilfredsstillande rømningsvegar. Fellestrådet må derfor sjå kva bruksområder Strand kyrkje kan ha framover, og om det finst avbøtande tiltak som gjer at ho likevel kan nyttast til mindre konsertar, bryllaup og gravferder.

8. AVSLUTNING


Budsjettrammene for 2021 er svært strame. Usikkerhet rundt driftsutgifter med den nye kyrkja på Tau bidrar til å leggja ytterlegare press på vår økonomi. Det er derfor viktig å understreka at dersom det skjer noko uventa som krev ekstra innsats på investerings- og/eller vedlikehaldssida, så har ikkje Strand kyrkjeleg fellestråd midlar til å dekkja dette.

Jørpeland 20. januar 2020

Trond Hjorteland
kyrkjeverje

Vedlegg:

- Driftsbudsjett 2021



DEN NORSKE KYRKJA
Strand kyrkjeleg fellesråd

5/21 HMS-RAPPORTERING

Unnt. Offtl. jf. Off. lova § 13.

Vedlegg:

- Avviksrapport (blir delt ut i møtet)
- Status for arbeidsmiljø i Jørpeland menighet (vil bli gitt orientering i møtet).

Bakgrunn for saka:

Strand kyrkjeleg fellesråd får HMS-rapportar på kvart møte. Hovudsakleg er det rapport om avviksmeldingar som blir presentert. I dette møtet blir det også gitt ei oppdatering på status for arbeidet med arbeidsmiljøet i Jørpeland menighet.

Forslag til vedtak:

Strand kyrkjeleg fellesråd tar avviksrapporten og oppdatering om status for arbeidsmiljøet i Jørpeland menighet til orientering.

Jørpeland 20. januar 2021

Trond Hjorteland
kyrkjeverje



6/21 STATUS TAU KYRKJE



Bilete av Tau kyrkje 13. januar 2021. Korset blei montert 11. januar.

SAKSUTGREIING

Total kostnadsramme for Tau kyrkje er på ca kr 73 millionar kroner. Strand sokneråd har forplikta seg til å samla inn kr 8 millionar av totalsummen, medan resten er kommunale midlar. Per nå er status for innsamlinga til soknerådet:

- Ca kr 4 millionar innsamla per i dag.
- Ca kr 800 000 i givarinntekt årleg – frå 50 faste givarar/andre gåver og inntekter
- Ca kr 800 000 i tilsagn frå bedrifter

Innsamlingskomiteen jobbar framleis aktivt med å skaffa fleire givarar, både private og bedrifter, og det blir også søkt om midlar frå ulike legat, stiftelsar og bankar for å dekkja inn soknerådet sin del.

Arbeidet går framover i tråd med framdriftsplanen. Ferdigstilling av bygg og uteområde er sett til 31. juli 2021. Når det gjeld økonomi, har det fram til nå vore få uføresette utgifter. Kyrkjeverja viser elles til vedlagt statusrapport som byggherreombod har sendt Strand kommune den 18. januar 2021 kor framdrift og økonomi er gjort nærare greie for.



DEN NORSKE KYRKJA

Strand kyrkjeleg fellesråd

Anskaffelse av kyrkjestolar og av lyd- og lysutstyr er snart fullført. Byggjekomiteen skal ha møte 26. januar 2021 for å ta dei endelege beslutningane om dei to anskaffelsane.

Utleige kjellar

Soknerådet har tatt initiativ til at det er gravd ut og støypt råkjellar til framtidig barne- og ungdomsarbeid. Det blir nå jobba med å finansiera denne, blant anna gjennom utleige. Strand kyrkjeleg fellesråd er i dialog med Strand vidaregåande skule om utleige av klasserom og kontorfasilitetar som kan bidra til å finansiera ein god del av kjellaren. Dette hastar å få endeleg avklara, etter at det er gjort naudsynte prosessar i sokneråd, byggjekomite og fellesråd på den eine sida – og Strand vidaregåande skule og Rogaland fylkeskommune på den andre. Ei innreiing av kjellaren til klasserom/fleirbruk vil anslagsvis kosta kr 1 mill. Utleige av kjellar vil utløysa eit nokså omfattande krav om dokumentasjon for å hindra avkorting i momskompensasjonen. Kyrkjevevja vil førebu eit skriv om dette som vil bli ettersendt til møtet 27. januar 2021.

Finansiering kjellar og soknerådet sin andel av «hovudbygget»

Når det gjeld kjellar og soknerådet sin andel av «hovudbygget», må det avklarast korleis ein skal få på plass kapital (lån) til dette. Totalt sett er kapital-behovet per nå ca 10-11 millionar kroner. Kyrkjevevja har sondert med Strand kommune mulegheita om lån der, gjennom at soknerådet/fellesrådet betaler tilbake summen over ein gitt tidsperiode. Eit godt argument for å be kommunen om å vera «bank», er at kommunar får gode lånebetingelsar og låg rente. Eit anna er at kommunen ved å vera «bank», gir eit bidrag – utan at det kostar kommunen noko – til at ein får eit godt eigna barne- og ungdomslokale midt i hjarta av Tau sentrum. Ein annan mulegheit kan vera at fellesrådet søker om lån i Opplysningsvesenets Fond til dette formålet eller tar opp lån gjennom den bankavtalen fellesrådet har via KNIF (Kristen Norges Innkjøps-fellesskap). Dette er noko som treng å avklarast så snart som råd, og kyrkjevevja vil be fellesrådet ta stilling til om ein skal søkja Strand kommune om lån til å finansiera kjellaren, eller ikkje. Uansett modell, så har soknerådet forplikta seg til å betala for kjellaren, og føresetnaden er at lånet skal tilbakebetalast så snart som muleg.

Vedlegg:

1) Statusnotat byggeprosjekt 18.01.2021

Forslag til vedtak:

- Strand kyrkjelege fellesråd tar statusrapporten til orientering.
- Strand kyrkjelege fellesråd vil be kyrkjevevja, i samråd med Strand sokneråd, undersøkja mulegheita for lån gjennom Opplysningsvesenets fond og/eller via bank for å finansiera byggjelån på ca kr 4,5 mill. til soknerådet sin del av hovudetasjen og ca kr 6 mill. til finansiering av kjellar – inklusive innreiing. Kyrkjevevja får fullmakt til å inngå naudsynte avtalar på vegner av fellesrådet som regulerer ansvar for lån mellom fellesrådet og soknerådet.
- Strand kyrkjelege fellesråd er positive til utleige av kjellar i Tau kyrkje, og gir kyrkjevevja fullmakt til å inngå avtalar med leietakarar i tråd med den utgreiinga som gjeld moms-kompensasjon.

Jørpeland, 20. januar 2021

Trond Hjorteland

kyrkjevevje

Oppdragsgiver: **Strand Kyrkjelige Fellesråd**
Oppdragsnr.: **5178288** Dokumentnr.: **19**

Til: Trond Hjorteland
Fra: Øystein Heltne
Dato: 2021-01-18

► Nye Tau Kirke - Statusnotat 19 - 2021-01-15

Generell prosjektstatus

Strand kirkelige fellesråd skal bygge nytt kirkebygg med samlet areal på ca. 1580 m² og kirkerommet skal ha kapasitet til ca 420 personer. Ferdigstillelse av kirkebygget i juli 2021.

Kjelleretasje er besluttet å gjennomføre utover hovedprosjekt kirkebygg.

Følgende entreprenører er engasjert som totalentreprenører:

- Kirkebyggentreprisen: Ryfylke Trelast
- Grunnentreprisen: Stangeland Maskin

Utbyggingsavtaler er signert av begge parter og utbetaling av anleggsbidrag gjennomføres ila oktober.



Det er god dialog mellom Strand Kirkelige Fellesråd og Strand Kommune i forbindelse med planleggingen av grunnarbeider for fremtidig offentlig torg, sør for kirketomt, samt planlagt gjennomføring av flomsikring langs bekkedraget vest for kirkebygg.

0. Nye Tau Kirke og Covid-19

I løpet av mars. Mnd, 2020, varslet begge entreprisene om Force Majeure som følge av spredningen av Covid-19 viruset (13.03.2020). Force Majeure gir normalt kun krav på fristforlengelse hos entreprenøren og varselet er besvart av byggherre. Det foreligger ingen konkrete, eller spesifiserte varsler om tidsforlengelse eller vederlagsjusteringer som følge av Covid-19 situasjonen og fremdriften er stort sett iht. plan.

Ryfylke Trelast har overtatt som hovedbedrift og det utarbeides fortløpende retningslinjer for smitteverntiltak på byggeplass. Det er pr. Januar 2021 ikke meldt inn registrerte smittetilfeller på byggeplass.

1. Kontraktsprosess totalentrepriser og byggherreleveranser

- Det er signert kontrakt for kirkebyggentreprisen etter NS8407 (totalentreprisen) med Ryfylke Trelast AS, datert 30.1.2019.
- Det er signert kontrakt for grunnarbeider med pelearbeider, inkl. betongarbeider etter NS8407 (totalentreprisen) med Stangeland Maskin AS, datert 16.12.2019
- Det er signert kontrakt for utsmykning av kirkebygg med Per Odd Aarrestad, datert 28.01.2020

2. Økonomisk status, Januar 2020

Finansieringsbeløp Strand Kommune:	65.253.017
Finansiering Soknerådet:	8.000.000
Budsjett:	73.253.017

Totalt påløpte kostnader i kirkeprosjektet: 64.566.273,- *

**Totalt påløpte kostnader inkluderer investering i kjeller tilhørende kirkbygg, hvor endelige kostnader skal fratrekkes øvrig prosjektreknskap.*

2.1. Finansieringsavtale

Det er inngått finansieringsavtale mellom Strand Kirkelige Fellesråd og Strand kommune vedr. prosjektet Nye Tau Kirke. Strand kommune skal bidra med 50MNOK som skal være gjenstand for indeksregulering.

Det er avholdt samhandlingsmøter mellom Strand Kirkelige Fellesråd og Strand kommune og endelig indeksbeløp er i løpet av desember vedtatt til kr. 2.364.017,-

Utbyggingsavtalen er blitt utbetalt i oktober 2020.

3. Fremdrift

Endelig godkjent søknad fra Barne og- likestillingsdepartementet foreligger.

Det er i samråd med totalentreprenører gjort følgende endringer i planlagte milepæler for markeringer:

- Vigslingsdato er planlagt forskjøvet fra tidligere juni 2021 til september 2021 for å kunne gjennomføre vigsling etter offisiell overtakelse av kirkebygget.

3.1. Fremdrift grunnentreprise

Kontraktsfestede milepæler grunnentreprise:

- Oppstart: 01.12.2019
- Ferdigstillelse/overlevering: uke 20, 2020

Grunnentreprisen er ferdigstilt, men det har blitt behov for å gjøre endringer på utvendig ledningstrekk og koblingspunkt. Endelig tilkobling av vann og avløp, samt overvannshåndtering er forsinket i forhold til opprinnelig plan, men foreløpig uten konsekvens for øvrig ferdigstillelse av kirkebygg.

3.2. Fremdrift kirkebygg

Kontraktsfestede milepæler kirkebyggentreprise:


- Oppstart: 17.04.2020
- Ferdigstillelse/overlevering: 31.07.2021

Kirkebyggentreprise holder avtalt fremdrift og totalentreprenør viser god gjennomføringsevne. Det er god dialog mellom byggherreorganisasjon og totalentreprenør. Arkitekt og øvrige prosjekteringsfag fra forprosjektet er involvert i praktiske beslutninger ved behov.

3.3. Fremdrift flomsikring/offentlig torg

Det har i forrige perioder vært utført omfattende samhandling og avklaring mellom Kirkeprosjektet og Strand Kommune ved Bygg & Eiendom, mht. flomsikringsprosjektet som skal utføres i kommunal regi. Flomsikringsprosjektet fremstår som forsinket i forhold til opprinnelig avtalte tidspunkt og Kirkeprosjektet kan måtte engasjere entreprenør i egen regi for håndtering av nødvendig opparbeidelse av areal innenfor formålsgrense.

4. Fotografier



Figur 1 - Utvendig status - Januar 2021

Notat


Oppdragsgiver: Strand Kyrkjelige Fellesråd
Oppdragsnr.: 5178288 Dokumentnr.: 19



Figur 2 - Utvendig status- Januar 2021



Figur 3 - Innvendig status - kirkesal – Januar 2021



DEN NORSKE KYRKJA
Strand kyrkjeleg fellesråd

7/21 ÅRSHJUL 2021

Vedlegg:

- Årshjul for 2021

Bakgrunn for saka:

Strand kyrkjeleg fellesråd har normalt fem møte i året; januar, mars, mai/juni, september og november. Kyrkjevevja har sett opp forslag til møtetidspunkt på bakgrunn av dette og forsøkt å ta høgde for skulerute, høgtider, ferieavvikling og utkast til kommunal møteplan.

Kyrkjevevja legg også ved forslag til årshjul basert på desse møtedatoane. Møta vil normalt starta kl 18 på kyrkjekontoret, viss ikkje anna er oppgitt.

Forslag til vedtak:

Strand kyrkjeleg fellesråd godkjenner årshjulet for 2021.

Jørpeland 20. januar 2021

Trond Hjorteland
kyrkjevevje



DEN NORSKE KYRKJA
Strand kyrkjeleg fellesråd

Møtedagar	Årshjul for Strand krk. fellesråd 2021	Anna:
januar	• Rekneskap 2020 – førebels • Budsjett 2021 – endeleg vedtak • Økonomiplan 2021-2024 • HMS-rapportering • Ny kyrkje Tau	Møtet er 27. januar Kl 18.
februar	• Ikkje møte	
mars	• Årsmelding 2020 • Rekneskap 2020 – endeleg (?) • Rekneskapsrapport for januar-februar 2021 • HMS-rapportering • Investerings-/vedlikehald sommaren 2021 • Ny kyrkje Tau	Møtet er 17. mars Kl 18. (Møte i adm.utvalet i forkant – kl 17)
april/mai	• Ikkje møte	
juni	• Førebu budsjettinnspel til Strand kommune • 1. tertial økonomirapport • Revisjonsberetning for 2020 • HMS-rapportering	Møtet er 2. juni Kl 18.
juni	• Ikkje møte	
juli		
august	• Ikkje møte	
september	• Rekneskapsrapport 2. tertial • Budsjett 2022, økonomiplan 2022-2025 – første gangs handsaming • Ny kyrkje Tau • HMS-rapportering	Møtet er 15. september Kl 18.
oktober	• Ikkje møte	
november	• Budsjett 2022 – andre gongs handsaming • Val av leiar og nestleiar i fellesrådet • Ny kyrkje Tau • HMS-rapportering • Årshjul 2022	Møtet er 17. november Kl 18 (Møtet i adm.utvalet i forkant – kl 17)
desember	• Ikkje møte	



DEN NORSKE KYRKJA
Strand kyrkjeleg fellesråd

8/21 EVENTUELT OG ORIENTERINGAR

- *Årsstatistikk for 2020*
- *Brev frå Jørpeland sokneråd*

Jørpeland 20. januar 2021

Trond Hjorteland
kyrkjeverje